



Arkivnr: 2014/65-3

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.01.2014
Fylkestinget		11.03.2014

Godkjenning av prosjektrekneskap - Hjeltnes vgs - utbetring av vatn og avløp

Samandrag

Prosjektrekneskapet er på kr 2 292 621 som utgjer eit meirforbruk på 14,6% i forhold til kostnadsramma på 2 mill. kr. Saka vert derfor lagt fram til politisk handsaming i det utvalet som har løyvd midlane (sak 44/11 i fylkestinget).

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapet gjev eit rettvisande bilet av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Kontrollutvalet handsama saka i møte 18.12.13 (sak 40/13) og hadde ingen kommentarar til rekneskapet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner prosjektrekneskapet i denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: kontrollutvalssak 40/13 med oversyn over prosjektrekneskapet

Fylkesrådmannen, 03.01.2014

Fylkestinget hadde oppe sak for handsaming av prosjektrekneskapar og gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«

Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 %, skal same rutine følgjast.

«

I sak 44/11 løyvde fylkestinget 2 mill. kr til utbetring av vatn og avløp på Hjeltnes vgs. Rekneskapen for prosjektet er på kr 2 292 62 som er eit avvik på kr -292 621 (-14,6%) i forhold til kostnadsramme. Avviket er meir enn 10% og saka vert derfor lagt fram for politisk handsaming.

I notat frå Eigedomsseksjonen datert 24.09.13 kjem det fram at årsaka til meirforbruk er at dei kommunale gebryra ikkje var med i kalkylen, samt at ein støtte på meir stein og fekk meir sprenging m.m. som følgje av det.

Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskap og revisjonsuttale ligg ved saka.

I brev dagsett 12.11.13 til fylkestinget, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapet gjev eit rettvisande bilet av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 18.12.13 (sak 40/13) og vedtok følgjande uttale samrøystes:

«

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapet gjev eit rettvisande bilet av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapet.

«

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapet vert godkjent.